



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Norsk Bane AS
Kirkegata 2
6009 ÅLESUND

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/4211-34

18. mars 2019

Follobanen - utfordringar og mogelege løysingar - Uttale

Vi viser til dykkar henvending datert 31.01.2019 vedrørende utsetting av Follobanen. I henvendinga dykkar tilbyr de ein gjennomgang med konkrete framlegg til mogelege løysingar som følgje av utsatt ferdigstilling av Follobanen. De viser til planar om ei eventuell bane mellom Alnabru og Kråkstad som blei utgreia etter KVVU-metodikk av Jernbanedirektoratet i 2013 og at utsetting av Follobanen vil kunne gi moglegheiter for å legge til ei avgreining nær Ski stasjon og ved Alnabru.

Det føreligg ikkje noko formell konseptvalutgreiing med påfølgande ekstern kvalitetssikring (KS1) for planane. Planane for ei slik eventuell strekning er på eit veldig tidleg stadium og det er ikkje fatta noko vedtak om bygging av ei slik strekning. Prosjektet er ikkje prioritert i Meld. St. 33 (2016-2017) *Nasjonal transportplan 2018-2029* og Stortinget si handsaming av denne.

Statsråden vel difor å takke nei til førespurnaden om ein gjennomgang på dette tidspunktet.

Jernbanedirektoratet er ansvarleg for overordna planlegging av det framtidige togtilbodet og statens kjøp av infrastrukturtenester frå Bane NOR. Jernbanedirektoratet mottek brevet dykkar på kopi for orientering og eventuell vidare oppfølging.

Med helsing

Erik Syvertsen (e.f.)
fung. avdelingsdirektør

Sindre Ulstein Lid
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Kollektivtransport- og
baneavdelinga

Saksbehandlar
Sindre Ulstein Lid
22 24 82 67

Kopi:
Jernbanedirektoratet